

BODSKJEMA TVANGSSAL

Underteikna Personnr.

AdresseAndelnr:

Tlf. priv.: Tlf. arb.:

gir hermed bindande bod stort

.....
+ vanlege omkostningar (gjenta med bokstavar), (dokumentavgift, tinglysingsgebyr, evt. forretningsforarhonorar og konsesjonsgebyr, jf. salsoppgåva)

for eigdommen gnr. bnr. i kommune, adresse

.....

Eventuelle atterhald:

.....
.....
.....
.....

Dersom overdraginga er konsesjonspliktig, er det kjøparen som må søkja konsesjon. Kjøparen vil vera bunden sjølv om konsesjon ikkje blir gjeve. Dersom det kviler odell på eigdommen, har kjøparen risikoen for om odelsretten blir nytta. Underteikna stadfester å ha fått opplysningar om eigdommen gjennom prospekt/salsoppgåve for eigdommen frå Advokat Karl Anders Horneland.

Underteikna er kjend med at bodet er bindande for meg/oss når det er kome til medhjelparens kunnskap.

Nærverande bod er bindande for underteikna til og med den

Under føresetnad av at rettens medhjelpar innan utløpet av den ovannemnde fristen gir melding om at bodet er blant dei medhjelparen vil anbefala overfor saksøkjaren, er bodet bindande i ytterlegare 6 veker, rekna frå utløpet av fristen.

Underteikna er kjend med at eigedommen vert seld etter reglande i tvangsfullbyrdingslova om tvangssal, og at Lov om avhending av fast eigedom ikkje gjeld ved tvangssal.

Underteikna er kjend med at det ikkje blir skriva kjøpekontrakt, men at dette bod, dersom det blir stadfesta av tingretten, er bestemmande for rettar og plikter.

Underteikna er kjend med at tingrettens stadfesting av bodet kan påankast, at ankefristen er ein månad rekna frå dato for namsrettens stadfesting, og at anke ikkje medfører at pliktene etter bodet fell bort (med mindre stadfestinga vert oppheva).

Dersom tingretten stadfester bodet, gir underteikna hermed fullmakt til medhjelpar, Advokat Karl Anders Horneland, til å krevja skøyte utstedt i underteikna sitt/sine namn og utlevert til seg.

Underteikna er klar over at det gjeld særlege reglar ved tingrettens tvangssal, og at nokre av dei sentrale punkta er inntekne under "Viktig informasjon" i dette bodskjema og som eg/me har lese.

Stad Dato

.....
Underskrift

.....
Underskrift

Kjøpet vil bli finansiert slik: Lån (oppgje namn på låneinstitusjon), referanse

..... Kr

..... Kr

..... Kr

Eigenkapital Kr

Eigenkapitalen består av: kr disponibelt kontantbeløp

kr anna

VIKTIG INFORMASJON

Før du innleverer bod må følgjande informasjon nøye gjennomgåast:

Eigedommen vert seld i henhold til bestemmelsane i lov om tvangssal. Tvangssal ved medhjelpar er eit alternativ til å selja ein eigedom på tvangsauksjon. At eigedommen blir tvangsseld, inneber at det er tingretten, og ikkje eigar av eigedommen, som tar avgjerdene i salsprosessen.

Det går ikkje fram av annonsen at ein eigedom vert tvangsseld, men det skal opplysast om dette i salsoppgåva. Medhjelpar innhentar og kontrollerer dei same opplysningane om eigedommen som ved kjøpa ved eit frivillig sal. Opplysningane skal gjevast skriftleg av medhjelpar før bindande avtale vert inngått. Dersom medhjelpar av ulike årsaker ikkje har klart å framskaffa dei lovbestemte opplysningar om eigedommen, skal det opplysast om grunnen til at desse opplysningane ikkje er framskaffa.

Ver nøye ved synfaring av eigedommen. Ta gjerne med ein fagkyndig. Det kan vera fornuftig å få halde ein tilstandsrapport. Ein slik tilstandsrapport er ein gjennomgang av eigedommens bygningsmessige standard.

Hovudregelen er at ein eigedom som vert kjøpt på tvangssal, vert overteken i den stand den er. Bestemmelsane i avhendingslova gjeld ikkje, noko som inneber at reklamasjonsmogelegheitene er avgrensa. Kjøpar kan ikkje heva kjøpet, men kan krevja prisavslag i følgjande tilfelle:

- eigedommen er ikkje i samsvar med opplysningar om vesentlege forhold som medhjelpar har gitt, eller
- medhjelpar har forsømt å gje opplysningar om vesentlege forhold som denne måtte kjenna til og som kjøparen hadde grunn til å rekna med å få, eller
- eigedommen er i vesentleg dårlegare stand enn kjøparen hadde grunn til å rekna med, og
- desse forhold kan antakast å ha hatt innverknad på kjøpet.

Dersom det ikkje vert oppnådd semje om prisavslag, må kjøpar eventuelt gå til søksmål mot den eller dei av kreditorane som har fått den delen av kjøpesummen som det vert kravd prisavslag for.

Kjøpesummen må betalast sjølv om det vert kravd prisavslag, men kjøpar kan krevja at beløp tilsvarende det beløp det vert kravd prisavslag for ikkje vert utbetalt til kreditorane før saka er avgjort. Tingretten kan avvisa krav om tilbakehalding der tingretten finn dette openbart grunnlaust. Dersom heile eller deler av eigedommen er bortleigd, overtar kjøpar tidlegare eigars rettar og plikter.

I hovudsak skjer bodgjevinga på same måte som ved eit ordinært sal, men bodgjevar bør merka seg følgjande:

- Medhjelpar sender ikkje inn bod til tingretten fortløpande, men har plikt til å avvanta dette inntil et bod som er tilnærma marknadspris kjem inn.

- Det gjeld spesielle fristar for bindingstida for bodet. Vanlegvis er denne minimum 6 veker for fast eigedom og 3 veker for kjøp av andelsleilegheiter. Fristen kan imidlertid setjast ned til 2 veker i ein del tilfelle. Rådfør deg med medhjelparen!
- Bod med atterhald om finansiering vil normalt ikkje bli anbefalt stadfesta før finansieringa er ordna.
- Det er ikkje anledning til å ta atterhald om konsesjon eller odelsløysing, kjøpar må sjølv ta risikoen for utfallet.

Medhjelpar formidlar kun boda mellom partane. Medhjelpar kan ikkje akseptera bod. Medhjelpar legg bodet fram for saksøklar (vedkomande som har kravd at eigedommen skal tvangsseljast) og andre rettshavarar. Medhjelpar anbefalar saksøklar å krevja eit bod stadfesta. Saksøklar pliktar ikkje å retta seg etter medhjelpars anbefaling, og saksøklar kan også trekka saka tilbake heilt fram til bodet er stadfesta av tingretten. Dette kan skje i tilfelle der saksøkte ordnar opp i gjeldsforholdet før stadfesting skjer.

Når tingretten har stadfesta bodet, har partane ein månads ankefrist på avgjerda. Bodgjevar må vera merksam på at sjølv om tingretten stadfester eit bod innan fristen, kan det ta noko tid å få tingrettens kunnngjering av stadfestinga. Anken kan som hovudregel ikkje grunngjevast med innvendingar som ikkje har vore framsett overfor tingretten før orskurd blei avsagt. Det stadfesta bodet er bindande for bydaren sjølv om stadfestinga vert påanka og det tar tid før anken blir avgjort. Dersom stadfestinga blir oppheva, er bydaren fri.

Det er viktig å merka seg at det ikkje vert oppretta kjøpekontrakt. Det er det stadfesta bodet som trer inn i staden for kontraktsdokumentet.

Det er spesielle reglar for korleis oppgjeret skal føretakast ved tvangssal. Oppgjer skal skje pr. ein bestemt oppgjersdag. Oppgjersdagen er vanlegvis tre månader etter at medhjelparen har førelagt eit bod for tingretten for stadfesting. Dersom kjøpar ikkje betaler pr. oppgjersdag, kjem det i tillegg renter i etter bestemmelsen i tvangsfullbyrdingslova § 11-27.

Dersom eigedommen er fråflytta, kan medhjelparen – dersom kjøpar ønskjer det – gi løyve til at overtakinga skjer før oppgjersdato. Dersom eigedommen skal overtakast før oppgjersdato, må heile kjøpesummen betalast av kjøpar før innflytting kan skje. Eventuell innflytting før ankefristen går ut, skjer på kjøpars risiko.

Dersom ein anke ikkje er avgjort før oppgjersdagen inntreff, vert betalingsplikta forskyve. Kjøpar må velja mellom å betala kjøpesummen pr. oppgjersdato eller betala renter etter bestemmingane i tvangsfullbyrdingslova § 11-27 fram til betalingsplikta trer inn.

Når kjøpar er blitt eigar, pliktar saksøkte (tidlegare eigar) og hans husstand å flytta frå eigedommen. Dersom saksøkte ikkje flyttar frivillig når kjøparen skal overta eigedommen, kan kjøpar utan gebyr krevja utkastning etter at kjøparen har innbetalt kjøpesummen. Kjøpar blir ansvarleg for eventuelle sideutgifter t.d. til bortkøyring og lagring av inventar. Krav om utkastning kan sendast namsmannen i det distrikt eigedommen ligg.

Når kjøper er blitt eigar og stadfestingsorskurd er rettskraftig, vil tingretten utsteda skøyte som skal tinglysast på eigedommen. Vanlegvis vil medhjelpar førestå oppgjeret, og i samband med dette be om ei fullmakt frå kjøparen til å motta skøytet frå tingretten for tinglysing.

Når tvangssalsskøytet blir tinglyst, blir samtlege pengehefte som førre eigar hadde på eigedommen, og som kjøparen ikkje skal overta, sletta. Ved erverv av andelsleilegheit vil medhjelpar sørgja for at heimelsdokumenta blir tiltransportert den nye eigaren.

Ovanstående er basert på hovudreglane for tvangssal ved medhjelpar i tvangsfullbyrdingslova.

Framstillinga er ikkje uttømande.

Bestemmingane er å finna i kap. 11 og kap. 12 i lov om tvangsfullbyrding av 26. juni 1992.